

Årsmøte i Odda Mållag

I Ungdomshallen ,søndag 26.februar kl.1800

10 var til stades. Leiar i laget, Knut O. Dale ønskte velkomen.

Sakliste for møtet med årsmelding for 2016 var send ut til alle medlemene.

Sak 1: Innkalling og sakliste : Ingen hadde merknader

Sak 2: Avvikling av møtet : Møteleiar vart Solveig Grønlien, referent Harry Solberg og protokollunderskrivarar: Berit Ruland Fosse og Harald Jordal

Sak 3:Godkjenning av årsmelding 2016

Årsmeldinga vart ikkje opplesen då ho var utsend til medlemene. Meldinga vart teken opp punkt for punkt for merknader . Samrøystes vedteken som utsend.

Sak 4:Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding

Revisor Gerd Hereide gjorde greie for rekneskapen og las revisjonsmelding. Rekneskapen og revisjonsmeldinga vart samrøystes godkjende.

Sak 5:Val

Turid Astring Solberg la fram valnemnda si innstilling:

1. Leiar : Knut O. Dale – 1 år
2. Styremedlemer: Harald Jordal og Håkon Tverdal, 2 år (Solveig Grønlien og Harry Solberg var ikkje på val)
3. Varafolk til styret (1 år)
 - 1.vara: Ingvild Jøsendal
 - 2.vara: Tor Henrik Mannsåker
 - 3.vara: Marit Bleie Mannsåker

Valnemnda sine forslag vart samrøystes vedtekne med punktvis votering.

Sak 6: Val av valnemnd

Denne nemnda vart samr. Vald: Øystein Kambestad, leiar, Ingebjørg Sekse, Olav Tveita

Sak 7: Val av revisor

Valnemnda innstilte på Gerd K.Hereide. Samr. Vald.

Sak 8: Målprisen 2016

Knut O. Dale las opp grunngjevinga. Samr. Vedtak: Målprisen 2016 går til kollegiet på Odda ungdomsskole for deira lojalitet overfor språkvalet til foreldra, og for eineståande vilje til å gje nynorskelevane gode vekstvilkår slik at dei vert trygge og kompetente nynorskbrukarar.

Slutt kl.1845

Godkjend protokoll:


Harald Jordal


Berit Ruland Fosse

Servering: Kaffi/ Te og gode kaker v/ Solveig Grønlien

Etter årsmøtet var det **ope møte** der temaet var ”Nynorsken sin plass i den nye storkommunen i Indre Hardanger (kring Folgefonna)


Harry Solberg
skrivar